



Bergen og Hordaland Turlag v/Tore J Smidt  
Tverrg 4-6  
5017 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/703 - 18/34860

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
19.11.2018

## Ferdigattest for sikringshytte - gbnr 224/10 Fjelle

**Administrativt vedtak. Saknr: 623/18**

**Tiltakshavar:**

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 04.05.2018.

Det vert elles vist til søknad motteken 09.11.2018.

### Skildring

Adresse:	Stussdalen 464
Bygningstiltak:	Hytte for overnatting
Bygningsnummer:	300716302
Bruksareal:	86 m <sup>2</sup>
Avlaup:	Ikkje innlagt vatn
Vatn:	Ikkje innlagt vatn
Tal på røykløp:	1

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for hytte for overnatting på gbnr 224/10.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage



Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/703

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bergen og Hordaland Turlag v/Tore Tverrg 4-6  
J Smidt

5017

BERGEN